

Bø og Sauherad kommunar

Bø og Sauherad si historie

Vedlegg 1 til Interkommunal kommunedelplan for
kulturminner for Bø og Sauherad

31.10.2016

Dette notatet er eit vedlegg til den interkommunale kommunedelplanen for kulturminner for Bø og Sauherad, 2016. Her vert vår felles kulturarv presentert i utval, for å gi eit innblikk i kva del av kulturarven som best representerer den utviklinga Bø og Sauherad har vore gjennom.

| | |
|---|----|
| Innleing | 2 |
| Den eldste historia i Bø og Sauherad | 2 |
| Arkeologiske funn og etableringa av jordbruket | 2 |
| Folkevandringstida og Merovingartida | 2 |
| Vikingtida..... | 3 |
| Mellomalderen..... | 3 |
| Nyare tids historie | 4 |
| Rettssystemet | 4 |
| Kyrkjer og prestegardar..... | 4 |
| Kommunane blir til | 4 |
| Samferdsel og handel | 6 |
| Skule og utdanning | 8 |
| Landbruk..... | 9 |
| Industri..... | 11 |
| Kultur..... | 12 |
| Bibliografi | 16 |

Innleiing

Kommunar har særleg ansvar for nyare tids kulturminne, som ikkje er underlagt automatisk vern. For at ein på ein god måte skal kunne vurdere bevaring av nyare tids kulturminner, er det viktig at ein har ei oversikt over viktige hendingar og utviklingstrekk for Bø og Sauherad. Ein har difor i dette notatet valt å presentere eit tilbakeblikk på Bø og Sauherad si historie som eit vedlegg til kulturminneplanen. Denne utgreiinga skal vere til hjelp i framtidig verdivurdering av kulturminne for Bø og Sauherad.

Den eldste historia i Bø og Sauherad

Bygdene Bø og Sauherad ligg innerst rundt Norsjø og inn under Lifjell med eit gunstig klima for jordbruk og sentralt for gjennomgangstrafikken mellom kysten og inre deler av Telemark. Det er derfor naturleg at folk slo seg ned tidleg i dette området.

ARKEOLOGISKE FUNN OG ETABLERINGA AV JORDBRUKET

Området rundt Norsjø er rikt på arkeologisk funn og gravminne som spenner over ein lang tidsperiode frå steinalderen og fram mot tidleg mellomalder. Med grunnlag i nyare arkeologiske undersøkingar er det grunn til å tru at her har vore ein kontinuerleg jordbrukskultur frå rundt 2400 f.Kr. fram til i dag. Før rundt 2400 f.Kr. var jeger- og sankekulturen nærmast einerådande, men deretter i kombinasjon med husdyrhald og korndyrking. På denne tida var det også innvandring av grupper med ei samfunnsform der sterke leiarar som sto i kontakt med andre grupper, skapte seg ein maktbase gjennom status og posisjon.

På denne måten blei grunnlaget lagt for eit jordbruksamfunn som utvikla seg fram mot vår tidsrekning.

«Alt i førromersk tid, eller i tidsrommet 500 f.Kr. – år 0, var det en markant gårdsbosetning som strakte seg fra Frierfjorden til Norsjø, og med områdene Bø og Sauherad som viktige utløpere inn i landet.» (Rian, Øystein(red.), 2014, s. 44)

Frå denne tidsepoken og fram mot år 1000, får gardane i Bø og Sauherad namna sine. Fyrst dei usamansette naturnamna som Nes og Haug frå år 0 eller tidlegare, og deretter dei samansette naturnamna, som t.d. Ottersnes. Seinare kom samansette namn som –vin og –heim, deretter –land, -stad og –set.

FOLKEVANDRINGSTIDA OG MEROVINGARTIDA

Folkevandringstida (år 400-550 e.Kr.) var ei tid prega av stor folkeflytting grunna folkevekst, krig og uro. Noreg var lite rørt av denne vandringa, men spor frå tida syner likevel endringar også her.

I ytterkanten av området som blei kalla Grenland er det ei rekke bygdeborger på høgdedraga langs vassdraget frå Eidanger til Bø og Sauherad. Bygdeborgene skriv seg frå folkevandringstida og det kan synas som om dei omkransar småkongeriket busett av ei folkegruppe som vart kalla grener.

Trelsborg og Bekkekollen i Bø og Steinborg, Brattningsborg og Blekksås i Sauherad, er eksempel på dei få spora vi ser att frå denne tida.



I Bø og Sauherad er det mange steingjerde, særleg mellom dyrka mark og utmark, men også mellom eigedommar. I utkantane av dagens kulturlandskap og inne i skogen der det har vore husmannsplassar, finn ein også gamle steingjerde. Mykje kan tyde på at dei eldste steingjerda skriv

seg frå tida etter folkevandringstida i overgangen til merovingartida (ca. 550-800 e.Kr.) da eigedomsgrensene synast å bli etablert. Denne tida markerar òg overgangen mellom eldre og yngre jernalder.

VIKINGTIDA

På ei rekke gardar i Bø og Sauherad ser ein framleis gravhaugar som tydeleg spor frå vikingtida som vara frå om lag 800 fram til innføringa av kristendom rundt år 1000.

På nesten alle gardar i Bø og Sauherad har det vore gravhaugar. Det har vore registrert fleire hundre, men svært mange er utgravne og jamna ut gjennom meir mekanisert jordbruk dei siste hundreåra.

MELLOMALDEREN

Mellomalderen var prega av kristendom, fred og økonomisk vekst. Etter innføringa av kristendomen rundt år 1000 blei det bygd kyrkjer der det tidlegare hadde vore gudehov. Dette blei gjort for å vise at kristendomen hadde sigra over heidendomen. Kant i kant med Nes kyrkje, på sørssida, ligg ein av dei største gravhaugane i området vårt. Etter innføring av kristendomen, blei gravhaugen brukta til kristen gravlegging, slik det har blitt gjort opp til våre dagar. Haugen var nok opphavleg høgare enn i dag som eit synleg maktsymbol for dei som rådde ver dette området.

Dei fyrste kyrkjene var enkle byggverk, men alt mot slutten av 1100-talet hadde kyrkja vokse til ein maktbase som gjorde at det kunne byggas steinkyrkjer.

Kven som bygde kyrkjene og korleis dei blei finansiert veit me ikkje, men samfunna i Bø og Sauherad måtte ha tilgang til folk og ressursar for å kunne bygge slike solide byggverk. Frå denne tida står steinkyrkjene Nes kyrkje, Sauherad kyrkje og Bø gamle kyrkjer att som vitne frå denne tida. Tidlegare har det også stått ei stavkyrkje på Gårahaug.



GÅRA KYRKJESTAD, FOTO: BJØRN TVEITEN

Nyare tids historie

RETTSSYSTEMET

Jordbruksamfunnet i Bø og Sauherad blei etablert med fast gardsbusetnad i etterkant av folkevandringstida fram mot år 1000. Vi veit at det alt frå denne tida var etablert eit tingrettssystem med lovgjevande, utøvande og dømmande element. Det blei etablert bygdeting for å løyse lokale saker og konfliktar, og lagting for større område og ein høgare rettsinstans.


Bygdetinga varte lenge, var i store trekk bygd på sedvane og det blei ikkje ført protokoll før sorenskrivarordninga blei innført i 1591. Både før og etter dette blei bygdetingen satt rundt om i bygdene, og etterkvart knytt til lensmannsgardane. Bø og Sauherad fekk sin fyrste sorenskrivar i 1593 ved Tinghaug på Gvarv som Nedre Telemark tingrett fram til 2007 da kontoret blei nedlagt.

KYRKJER OG PRESTEGARDAR

Opphavleg var det stavkyrkje frå seint på 1000-talet på Gåra, denne stod fram til 1850. Utgravingar ved Bø gamle kyrkje, viser at det også her har stått ei stavkyrkje i om lag 100 år.

Sauherad har to kyrkjer, og var delt i to sokn, Sauherad og Nesherad. Sauherad var hovudkyrkje og prestegard høyrd til her. Før Svartedauden var det kanskje prestegard også på Nes.

Bø gamle kyrkje vart bygd i to omgangar på 1100-talet, og innvigd til Olav den heilage. Etter midten av 1800-talet blei kyrkja for lita og den nye kyrkja blei bygd og innvigd i 1874. Etter ein del diskusjon blei det bestemt at Gamle kyrkja skulle få stå og ho blei sett i stand etter lokalt initiativ.



BØ PRESTEGARD (HOLMEN), FOTO: HALVOR H. SKOGEN (BØ MUSEUM)

På ei høgde nordvest for kyrkjene ligg den gamle prestegarden Holmen. Delar av hovudbygningen er truleg bygd på slutten av 1600-talet. Prestegarden blir i dag drive som ein open kulturstad for bygda av privat stifting.

I tillegg til kyrkjegarden på Bøhaugen, finst det også ein liten privat kyrkjegard på Eikjarud for folket der, som «ikkje ville ligge blant tjuvar og kjettringar på Bøhaugen». (Lunde, 1972) På Lifjell ligg Jønnbu Fjellkyrkje og Ungdomssenter, som stod ferdig i 1969.

KOMMUNANE BLIR TIL

Sauherad består i dag av to tidlegare sokn, Sauherad og Nesherad, noko dei to kyrkjene vitnar om. Etter Formannskapslova i 1837 vart Sauherad kommune etablert, og heilt fram til 1951 vart det heldt separate val til kommunestyret frå dei to sokna. Sauherad valte 16 representantar og frå Nes 12 representantar til formannskapet. Den fyrste ordføraren i Sauherad var Torjus Hansson Sauar.

Kulturminneplan – Utkast 14. oktober 2016

Dette skapte i mange saker problem for samarbeidet, og så seint som i 1947 ville Nes bli eiga kommune. Etter 1951 har det vore felles lister for val til kommunestyret, og kommunen består av eit sokn.

Etter Formannskapslova i 1837 blei det første valet i Bø halde på lensmannsgarden Kleppen 8. september for val av medlemmer (formenn) til formannskap for Bø. Bø kommune bestod den gongen av både Bø og Lunde sokn, og Gjermund Halvorsson Eikjarud frå Lunde vart valt som ordførar 17. desember 1837. Møta blei mange år halde heime hjå ordførarane. Lunde blei eige prestegjeld og eigen kommune i 1866.



GJERMUND HALVORSSON EIKJARUD, FOTO: BØ MUSEUM



TORJUS HANSEN SAUER,
1837–39, 44, 45
TEIKNING AV ADOLPH TIEDEMANN.

SAMFERDSEL OG HANDEL

Vegane gjennom Telemark var i tidlege tider ofte uframkomelege med mykje ulendt terreng med bekkar og elver som skulle kryssas. Folk gjekk lange avstandar, og da tok ein beinaste vegen over åsar og fjell. Faste stiar, som i dag i mange tilfelle er merka av turlaga, var difor viktige ferdsselsruter for folk den tida.

Vassvegen

Med uframkomelege vegar var pram til å ro det viktigaste framkomstmiddlet langs vatna og elver utan fossestryk, for utan å gå eller frakt med kløv.

Sauherad og Bø ligg sentralt i Telemark. Med Norsjø, Sauar elva og Bø elva er bygdene knytt til Grenland, Aust-Telemark og Vest-Telemark gjennom vassvegane.

«Frå Aust-Telemark gjekk nok ein del av ferdsla over Dalsvatn gjennom Valebø og Gjerpen, særleg når det gjaldt ferdsel med dyr. Frå Bø, Seljord og bygdene oppover mot Rauland gjekk vegen gjennom Nes ut til Norsjø. Dyredriftene fylgte Norsjøstranda utover, medan ferdamannen rodde vatnet til botnen av Fjærekilen og gjekk så over Geiteryggen til Skien. Det var ein lang rotur, men nesten kvart milskifte, dvs. mest på kvart nes var det gjestgivarstader.» (Bergan, 1975)



SJØBUA PÅ GVARV

Mellom Sjøbua på Gvarv og Fjærekilen var det til saman 12 rosikifte. Ved kvart rosikifte hadde bønder eller husmenn plikt til å stille opp med båt eller hest for at reisande kunne få skyss til neste rosikifte. I fleire hundre år var Gvarv utgangspunkt for rosikifta over Norsjø til Skien, og var eit viktig knutepunkt for trafikken til og fra øvre del av fylket.

Deler av Bø elva gjennom Øvre Bø blei også nytta til frakt av folk og varer. Ved fleire av rosikifta og gjennom Bø var det gjestgivarstader der reisande kunne få mat, drikkevarer og overnatting.

Langs dei tidlege vegane var det ordna med skysskifte der dei reisande kunne bytte hest og vogn, samtidig som det var rom for overnatting og servering. Embetsmennene hadde rett til fri skyss, medan andre måtte betale.

Dampbåten

I slutten av 1840-åra starta forsøka med dampbåtar på Norsjø for varetransport, mens første rutebåten for både varer og persontrafikk var hjuldamparen "Statsråd Stang" frå 1852. Samtidig hadde arbeidet med Telemarkskanalen starta, og i 1861 var Løveid kanalen ferdig.

Deretter auka trafikken kraftig med nye brygger ein rekke stader langs Norsjø og Sauar elva opp til Notodden der industriutviklinga starta i siste halvdel av 1800-talet. Den auka trafikken på Norsjø skapte store endringar i Sauherad. Årnes, Gvarv, Akkerhaugen, Kola huset og Hjuksevelta utvikla seg som tettstader med innflytting av nye profesjonar og verksemder.

Gjennom Sauherad var det brygger ved Holte, Årnes, Gvarv, Aslaksborg, Odden, Akkerhaugen vest og øst, Feta, Høyom, Kåsa, Kullhuset, Sanden, Farvolden, Bolvik, Gvannes, Nautesund, Fiskodde og Hjukse. Ved fleire av desse var det landhandel og ferjetrafikk over elva. Med opninga av Telemarkskanalen mellom Skien og Norsjø i 1861, blei det oppretta dagleg båtsamband mellom Skien og Gvarv.

Kulturminneplan – Utkast 14. oktober 2016

I Gamlegata vokser det fram eit blømende næringsliv med landhandlarar, bank, postkontor, skreddarar, smedar, bakerar, meieri, hotell, doktor, apotek og sorenskrivar. Det vart bygd mykje nytt for å få plass til handelen dei neste 50-60 åra som kom. I dag er Gamlegata godt bevart som bustadområde, med eigen bevaringsplan som sikrar fleire bygg i sveitsar-, jugend- og empirestil.

Vegane

I lange tider var vassvegen hovudferdselsåre, både for person- og varefrakt. Dei fleste vegane hadde enkel standard, og gikk mellom grender og gardar. Der elvene var smale, hadde dei tidleg bygd bruver, som ved Oterholt, Folkestad og Hørte, mens det var ferjetransport over Bø elva ved Erikstein og ved Gvarv, over Sauar elva ved Akkerhaugen og ved Farvolden ved Bråfjorden i Sauherad.

I 1890 åra blei hovudvegen Skien – Seljord lagt om Bø. Med denne vegen kom også sterke auke i handelen i Bøgata, og var utgangspunktet for det vi kjenner som Bø sentrum i dag. Handelen flytta seg dermed frå stader som Oterholt, Langkåshaugen og Kyrkjebakken til Bøgata. Dette skaut ytterlegare fart då jernbana kom til Bø i 1924.

Det står framleis att bygningane frå dei gamle handelssentra ved Oterholt, Langkåshaugen og Kyrkjebakken. Fleire av handelsbyggene på Oterholt blir i dag heldt i hevd av Bø Museum.

Jernbanen

Jernbanen var den neste store endringsfaktoren i Bø og Sauherad. Knutepunktet for trafikken vestover blei flytta frå Årnes og Gvarv til Bø. Langs Sauarelva blei verksemndene på Kolahuset ved Sauarelva borte etterkvart som jernbanen overtok for båttrafikken. I Sauherad kom det også bru over Sauarelva saman med jernbanebrua ved Akkerhaugen. Det reduserte også trafikken over elva ved ferjestadene, men heilt fram til rett etter krigen var båttrafikken viktig.

Ved utbygginga av Norsk Hydro på Notodden og Rjukan, starta jernbaneutbygginga i Sauherad med Bratsbergbanen frå Notodden til Skien via Hjuksebø og Nordagutu, som sto ferdig i 1917. Sørlandsbanen kom frå Kongsberg til Hjuksebø i 1920, og deretter til Gvarv i 1922 og Bø i 1924.

Gjermund Grivi frå Bø var sakførar, sorenskrivar, gardbrukar og stortingsmann. Da jernbanen skulle planlegges gjennom Telemark, var det først planen at linja skulle gå frå Gvarv direkte over Holteheia til Lunde, men Grivi var ein pådrivar for at jernbanen måtte om Bø. Derfor blei «omvegen» via Bø kalla «Grivisvingen».

Det blei etablert fleire stasjonar og ei rekke stoppestader for toget gjennom Sauherad og Bø.

For Bø tydde dette ein kraftig oppsving. Tidlegare bestod Bø sentrum av Bøgata, med meieri, forsamlingshus og landhandel. Med jernbana kom også Stasjonsvegen, og handelen auka. Det tok ikkje mange år før Bø tok over som trafikknutepunkt og handelssenter.

For Gvarv fekk dette store følgjer. Trafikken vart flytta over til jernbanen, bilen kom og båtane slutta å gå til Gvarv. Gamlegata ble med åra ei nesten rein bustadgate, slik den er i dag.

SKULE OG UTDANNING

Folkeskular

Første skulane i Noreg var omgangsskulane først på 1700 – talet. I vårt område tinga Amtmann Berg med bøndene om undervisning, og etter kvart vart det skulehus og lærar i kvart sokn. Med ny skuleplan i 1780 vart det gjort forsøk med å forbetre skulen, som gjerne vara frå 1. november til 14. april. Men det var vanskeleg å få dugande lærarar.

I 1815 kom presten Willumsen til Bø. Han var ein interessert skulemann, og etablerte den faste skulen «Luthers Minde» på Grautekapp i 1823 som første skule her i området. Dette var berre for elevane frå Bø sentrum. Seinare, i 1890, vart denne skulen flytta til Skoghaugen, rett vest for dagens frivilligentral. Bygget er borte i dag.

Med Skulelova av 1860 vart det jobba for ein betre offentleg skule for alle i Noreg. Ein gjekk frå omgangsskular til å bygge faste skular for alle i Bø og Sauherad. Dei fleste skulane vart bygd over same lesten: eit klasserom med fire vindauge mot sør. Desse vart nytta fram til slutten av 1880-åra. På Hjuksebø er skulebygningen frå 1864 teke vare på skolemuseum, og Bø bør står Vreim skule godt bevart.

I 1870-åra blei det sett i verk planar om ein amtsskule som skulle flytte frå bygd til bygd med kurs på 30 veker kvar stad. Den alltid ihuga Halvor Nilsson Tveiten tende på planane og bygde skulehus på eigedomen sin på Gunvorskås for eigne midlar, og i 1875 opna Telemarkens private borger skule. Frå 1877 blei det høve til å få utdanning utover det folkeskulen kunne gje. Amtsskulen var i gang til 1886 da skulekommisjonen i Bø oppretta ein dag skule som vara 1-2 år. (Henneseid S., Bø-soga II, Gards- og ættesoge band I-IV, 1985) Skulebygningen stend framleis og er i dag nytta som bustad.



AMTSKULEN VED GUNVORSKÅS, FOTO: BØ MUSEUM

Det var først ved folkeskulelova av 1889 at det vart vist vilje til å nytte pengar for skulegang for born. Før dette var skule sett som ei privat ansvar. Bygdene vart dela inn i skulekrinsar, og skulane vart større. Frå desse skulane er Vreim skule bevart.

Sagavoll folkehøyskole

Sagavoll folkehøgskole starta på Notodden i 1893 under namnet «Notodden utvidede praktiske ungdomsskole». Grunnleggjaren var den kjente folkehøgskulemannen Asbjørn Knutsen. Etableringa av skulen hadde ideologiske årsakar og var eit forsøk på å demme opp mot av kristninga i samfunnet som mange meinte var i ferd med å skje. I 1914 flytta skulen til Gvarv og fekk namnet Sagavoll Ungdomsskule, seinare Sagavoll folkehøgskole.

Telemark språk og realskule

Etter første verdskrig blei det arbeidd for at Bø skulle få landsgymnas. Gymnasplanane måtte vente, for Telemark fylke ville først starte med realskule. Realskulebygget sto ferdig 1923/24 og byggmeister var Olav Jensson Haugen frå Bø. Planane om gymnas i Bø blei tekne opp att, og i 1947 blei det sett opp ei provisorisk «gymnasbrakke» ved sida av realskulen. Like før jul 1955 sto førstebyggetrinnet av det nye gymaset ferdig i «Gymnasbakken».

Høgskulen

I 1970 vedtok Stortinget etter hard tautrekking med Skien at distrikthøgskulen for Telemark skulle leggast til Bø. Argumenta var m.a. distriktpolitikk og målsak, det same som det hadde vore argumentert med for å få realskulen til Bø i si tid. Vedtak om høgskule til Bø var eit vedtak som skulle

få store følgjer for bygda. Kommunen måtte skaffe lokale til skulen, og området ved Folkets Hus peika seg ut. I 1971 blei det bygd førebels lokale for skulen her. Same hausten tok undervisinga til. I 1994 blei skulen del av Høgskolen i Telemark. Samtidig sto det nye skuleanlegget i Gullbring ferdig.

Frå 1.1.2016 har Høgskolen i Telemark vedteke å slå seg saman med Høyskolen i Buskerud og Vestfold til Høgskulen i Sørøst-Noreg.

LANDBRUK

Gardar og husmannsplassar

Det er usikkert kor langt tilbake husmannsvesenet går. Det vi veit er i alle fall at Bø og Sauherad er tradisjonelle norske bondesamfunn, der bøndene og husmannsvesenet har prega store delar av historia heilt fram til nyare tid.



PIPERUD U. ØVRE HOLTAN 1910, FOTO: UKJENT

Særleg frå slutten av 1700-talet ser ein ei sterk auke av husmenn. Eit stort befolkningsoverskot gjorde sitt til at svært få hadde plass til eigen gard. Dette gjorde at mange ikkje hadde anna utveg enn å rydde seg ein husmannsplass. Som regel var det slik at ein husmann fekk rydde sin plass, mot betaling og arbeidsplikt for bonden han leigde plassen av. Husmannsklassa var på sitt største på midten av 1800-talet, men sank fram mot 1900-talet. Årsaken til dette var at industriarbeid og utvandringa gav gardlause fleire moglegheiter til livsopphald.

Framleis i dag ber Bø og Sauherad tydleg spor av den rike jordbrukstradisjonen. Fleire områder er regulert til kulturlandskap. Identiteten vår er mykje knytt til jordbruket, og er ein viktig kulturarv for vår identitet.

Fleire gardar står som dei har stått i over hundre år, medan dei fleste av husmannsplassane er borte eller har blitt til småbruk. Gjennom kulturminneregistreringsarbeidet gjennomført av frivillige ved Bø Museum og Sauherad historielag, har ein gått i gang med å registrere dei mange husmannsplassane som har gått bort. Framleis kan ein møte mange hustufter og kjellarhol på tur i utmarka.

På garden Evju i Sauherad blir gammal jordbrukstradisjon heldt i hevd. Garden etter Jon Evju, vart testamentert til stiftinga Evju Bygdetun, med formål å drive dette som eit levande bygdetun.

Stulslivet

Stulsdrifta er ein svært gammal del av jordbruket, sannsynlegvis gjennom meir enn tusen år. Dette gjeld nok også i Bø og Sauherad. Det seiast at landnåmsmennene som slo seg ned på Island på 700-800 talet etablerte stular i tilknyting til dei nye gardane sine.

Eit ordtak i Bø fortel kanskje den viktigaste grunnen til at bøndene tok i bruk utmarka til å sende dyra til stulen eller utmarksbeite: "Det du beiter om våren, stel du or lugo, det du beiter om hausten, armar du jorda". Det var viktig at slåtten rundt garden gav nok høy til vinterfôringa. Derfor var det nødvendig å sikre god vokster for graset både vår og haust.

Kultursoga for Bø fortel at Matrikkelkommisjonen av 1723 nemner 24 stular i Bø, noko som innebar at



TVEITENSTULEN U. NORDRE DYRUD, FOTO : SVEINUNG LINDTVEIT

mange bønder i Bø ikkje hadde eigne stular. Mange måtte difor leige seg plass på stular, og utpå 1800-talet var det ikkje uvanleg å kjøpe eller leige stular langt oppover i bygdene mot Sundsbarm, Øyfjell og Rauland. Det kunne gå 3 dagar å drifte dyra så langt. (Lunde, 1972)

I Sauherad var tilhøva litt annleis, ettersom det var større fjellområde til stulsdrift. Eit oversyn viser at det var rundt 80 stular som høyrdde til bøndene i Sauherad. Mange av desse låg på Sauheradfjella som i dag ligg i Skien kommune. Det var også lange avstandar frå gardane på begge sider av Sauarelva til stulane langt innpå Sauheradfjella som gjerne låg ca. 600 moh. Det var også bønder i Sauherad som leigde seg plass til dyra på stulen, både av andre bønder i Sauherad, men også heilt opp mot Hjartdal. (Markussen & Wahlstrøm, 2013)

Tømmerdrift

Fleire stader i Midt-Telemark finn ein spor etter tømmerdrift. Som attåtnæring var det vanleg å drive skogen på vinteren og samle tømmeret på velteplassar langs vassdraga. Med vårflaumen tok tømmerfløytinga til. Tømmer blei fløta i alle vassdrag det var mogleg å fløte i, og ut i Norsjø og vidare ned til papirfabrikkane og sager i Grenland.

I vassdraga kan ein i dag sjå spor etter både dammar, velteplassar og skådammar. Det er òg spor etter dette i stadnamn, som til dømes Hellosvelta og Teksten.



HOLMSTULDAMMEN, FOTO: SAMUEL AAKVIK (BØ MUSEUM)

INDUSTRI

Jernverket

Ulefos Jernværk, grunnlagt i 1657, fekk tidleg ein «avdeling» på Hørte. Fossane var årsaka til det. Øvre håmmårsmie blei bygd på Sauherad-sida av elva i 1686-87. Seinare kom nedre håmmårsmie i 1724 på Bø-sida beint ned for Fosslund. Til slutt kom spikerhåmmåren som ligg ned for garden Hørte, også på Sauheradsida, kring 1750. Alle hamrane blei drivne med fossekraft. Bustad og administrasjonslokale som forvaltaren kunne nytte når han var ved Verket, blei bygd ved Fosslund på Bø-sida.

«Rujønnet» frå masomnen på Ulefoss måtte fraktast til Hørte for vidare foredling ved hamrane der. Rujønnet blei først frakta over Norsjø i prammar til Tangen ved Evju, så med hestetransport til Hørte. I håmmårsmiene blei rujønnet smidd til stongjern. Så var det same vegen utover att. Denne gongen heilt til Gråten ved Skien der stongjønnet blei sendt vidare ut i Europa.

Til smiinga trorg ein trekol. Bøndene i store område kring Verket blei pålagt å levere trekol. Trekola blei levert til store kolahus (Kolahuset ved Nordagutu og Kolatangen ved Evju) og til kolahus ved hamrane på Hørte. I dag kan ein finne mange spor etter milebrenninga og kolahusa.

I første halvdel av 1800-talet blei alle bygningane til Verket som låg nær Hørteelva øydelagt av brannar og flaumar. Seinare vart det etablert sag, mølle, garveri og fargeri her på Hørte.



FRÅ VENSTRE STAMPE, GARVERI, SAGBRUK OG MØLLE, FOTO: BØ MUSEUM

Småindustri

Forutan Hørteverket har det historisk sett ikkje vore store «industrieventyr» i Bø og Sauherad. Derimot har småindustrien stått sentralt og vore viktig. Særleg kverner (kvenner) var det mange av, og enkelte bekkar kallas Kvennebekken fordi dei hadde fleire kverner. Dette var mindre lafta bygg, og ein kan finne tufter av desse mange stader den dag i dag. På Akkerhaugen står ei kvern, som seinare åra har blitt restaurert.

Etter kvart skjedde det ein konsentrasjon til større vassdrag og bygga blei sett opp i reisverk. Kvernene vart større og blei da kalla møller. Slike møller fekk vi i Bø ved Sagafossen, Kvennøya og Hørte. Ofte kunne det også ligge sagbruk, stamper, kraftverk og anna vassdriven verksemder dei same stadene. Ei mølle ved Sagafossen i Bø står framleis.

Utover 1800-talet, blei det ei sterkare utvikling i småindustrien og produksjon, som spente frå teglverk, frørenseri, sagbruk, torvstrøfabrikk på Tjønnås, veveri og systuer, fruktpresseri, Bø trykk, Telemark Eggcentral, planteskular, trevare og snikkarverkstad, smier og verkstader, mfl. Mange av desse heldt produksjon i gang utover 1900-talet, og nokre få er framleis i gang i dag.

KULTUR

Kunst

Med dampskipstrafikken på Norsjø midt på 1800-talet vokste tettstaden Gvarv fram. Til Gvarv kom både doktor, sakførar og apotekar, og eit embetsmannsmiljø vaks fram. «*Til dette miljøet kom Ole Thomesen som sorenskrivar i 1874 og prega miljøet gjennom 18 år. Brordotter hans, Sofie, var gift med Erik Werenskiold, og i 1883 kom kunstnarparet med dampbåten til Gvarv – frå Paris.*» (Solbu(red.), 2013, s. 24) Werenskiold måla Telemarksjenter, En Bondebegravelse, Aften på Lindem og På hjemvei, som alle heng i Nasjonalgalleriet. «Soleis sette han eit lite bygdesamfunn på Norgeskartet gjennom studier av folk og landskap.» (Solbu(red.), 2013, s. 25)

I Bø vaks det også fram eit kunstnarmiljø. I 1890-åra budde kunstnaren og illustratøren Halvdan Egedius (1877-99) til Bø. Her møtte han bøheringen Torleiv Stadskleiv (1865-1946), som hadde vore elev av Christian Krogh. På Gvarv møtte han også Erik Werenskiold.

Forenings- og organisasjonsliv

Frå om lag 1840 og framover vaks det fram eit stort engasjement for forenings- og organisasjonsliv generelt i Noreg. Den nye nasjonen Noreg, gjekk frå å vere eit standssamfunn til eit klassesamfunn. Store endringar, med årsak i mellom anna industrialiseringa, gav framvekst av ny samfunnsbygging. Frå å vere delt i embetsstanden, handelsstanden, handverkerstanden og bonestanden endra samfunnsstrukturen når den offentlege sektoren vaks fram utover 1800-talet. Ei middelklasse vaks fram, som bestod av lønnstakarar, som t.d. lærarar, jernbanefunksjonærar, kontorfolk, ingeniørar, funksjonærar og betjentar. Etter kvart organiserte desse seg. Med auka skulegang og grunnlova som slo fast yrtringsfridom, var vegen lagt for yrkes-, ideelle, politiske, kulturelle, filantropiske og sosiale foreiningar.

Utover 1800-talet starta fleire og fleire å samle seg om lag og foreiningar også i Bø og Sauherad. Somme var knytt til næringslivet, mens andre var reint politiske. Det kom diverse idrettslag, religiøse lag og lag som først og fremst skulle samle folk for felles hygge.

Den organiserte idretten

Bø skyttarlag vart skipa i 1873. Geværa dei brukte i starten var grove. Den første bana hadde dei ved Smedstad-Innleggen, med avstandar på 135-250 alen. Seinare kom det fleire skyttarlag til.

Ski har nært sagt til alle tider vore nytta i våre trakter, både som framkomstmiddel og nyttebruk, samt til leik og tevling. Såleis blei skiklubben Skarphedin danna i 1891. Langrennstevlingane var ikkje så annleis enn dei vi er van med i dag, men i seinare tid har sjølvsgått alpint, snowboarding og telemarkskøyring blitt del av skisporten.

Skarphedin, Øvre Bø Idrettslag, Lifjøll (hadde treningsplass på Oterholt) og Stoklandheia hadde idrettslag i Bø. Litt seinare kom Gvarv og Hørte med sine idrettslag og klubben Kjapp, på Nordagutu. Etter kvart vart Skarphedin, Hørte, Gvarv og Kjapp idrettsklubar som omfatta mange idrettar. Det vart bygd handballbane, fotballbane, friidrettsanlegg og travbaner.

Hoppsporten har vore stor i Telemark. Dei tidlegaste organiserte hopprennene i Bø tok til i Torstveitbakken, under svært risikofylte forhold. Seinare kom det fleire: Gullbringbakken (1902), Haugerudbakken, Berglandbakken og Sandvollbakken osv. I Sauherad bygde idrettslaget Kjapp ein ordentleg storbakke. Narekollen stod ferdig i 1933, og var i sin tid ein av verdas største hopbakkar. Bakrekorden her var på 95 meter. (Lengste hoppet var på 100 m. med fall.) Det siste rennet her blei vunne av ukjente Birger Ruud, med 4-5000 tilskodarar. Frå 1948 blei bakken stengt, men i dag er området rydda att, og det er laga ein merka sti dit.

På Hørte var skøytesporten stor ei tid. Klubben hadde ein del gode skøyteløparar og dei arrangera både kretsmeisterskap og nasjonale stemne.

Travkøyring har gamle tradisjonar i Bø og Sauherad, og interessa held seg framleis. Vinteren 1901 blei Bø Travselskap danna og travmiljøet ynskjer i dag å bygge ny travbane. Frå gamalt av hadde dei travløp på elveisen i Midtbøhølen, samt ved Harpestå, på Seljordsvatnet og Årnesbukta når det ikkje var brukande is på elva.

Folkemusikk og - dans

Telemarks-bygdene er rik på folkemusikk av ulikt slag. Bø har tre feler i kommunevåpenet og det er ikkje utan grunn. Nokon av dei beste felemakarane i Noreg, felemakarane frå Helland og Steintjønndalen, budde og virka her. I tillegg har Bø også fostra mange storspelemenn. Hardingfeletradisjonen samla seg i to speltradisjonar kalla Flatlandspel (arven frå Møllarguten) og Fykerudspel (nyare konsertspel). Det er fleire fysiske spor som minner oss om denne historia, både i Bø og Sauherad. Mellom anna kan ein nemne hus etter Møllarguten ved Evju Bygdetun og på Akkerhaugen, Hellandtunet og tuftene på Hellos etter Hellandslekta, og steinhella i Bø Sommarland etter huset til Steintjønndalen.

Lenge var det og vanleg å samlast på kjende danseplassar for fest og moro, som ved dansarberga på Folkestad. Etter andre verdskrig tok Kristiane Lund (1889-1976) initiativ til å starte dansarring i først Bø og så Nes. Dansarringar som er aktive den dag i dag. Det heitte seg at «Bø Nasjonale Dansarring er eit lag som har til føremål å fremje den gamle nasjonale bygdedansen». (Lunde, 1972, s. 428) Dansarringen har arbeidd mykje saman med spelemannslaget Bøheringen , både når det gjeld kunstnarlege arrangement samt uformelle tilstellingar.

Ungdomslag, dans og revy

Frå 1890-åra vart det danna fleire ungdomslag i Noreg. Gjennom folkelege aktivitetar har ungdomslaga slått eit slag for både talar, teater, leik, litteratur og musikk. Her i området vart både, Bø, Nes og Øvre Bø frilynte ungdomslag skipa.

Til å byrja med greidde laga seg med lokale krefter. Prest, doktor og lærarar var ofte i elden. Etter kvart blei det til at foredragsverksemda blei overlaten til ferdatalalar og kjende skulefolk.

Ungdomslaga laga etter kvart også aviser. For Bø ungdomslag var dette «Kameraten», som seinare blei kalla «Vårblomen». Her kunne medlemmene bera fram tankane sine. Elles skipa laget til mange festar og turar, samt teater og revy.

Fleire stadar vart det arrangert festar og dans. Dette var ofte i samarbeid mellom ulike lag og foreiningar. Særleg store var dans på Ringane, ein liten danseplass opp i skogen mellom Gvarv og Årnes, som trekte opp mot 3000 tilreisande. Her spela mellom anna Sven Ingvars og Dizzie Tunes.

Revykulturen i Bø og Sauherad er lang og god. Dei fleste krinsane i Bø har si eiga revygruppe, med årlege tilstellingar. Dette er svært populære innslag i bygda den dag i dag.

Forsamlingshus

Som følgje av aktivitetane med forenings- og organisasjonslivet blei det mange som arrangerte føredrag, politiske debattar, religiøse møter, kino, dans, møter, tevlingar og teater/revy. Til dette trengtes plass, og det blei det bygd ein god del forsamlingshus rundt i bygdene.

Folkets hus og samfunnshus

Bygging av forsamlingshus tok til siste del av 1800-talet. Frøyatun (1897) var i Bø forsamlingshus fram til arbeider rørsla bygde Folkets Hus fleire stadar. I Sauherad var det ei tid mykje aktivitet på Folkets Hus på Gvarv (rive i 1963) og på Sjodar som vart sett opp av mållaget og ungdomsslaget 1920-talet

Kulturminneplan – Utkast 14. oktober 2016

på Nordagutu. I Bø blei Folkvang omgjort til Folkets hus i 1910, men alt i 1933 blei Frivoll bygd som Folkets Hus, og tenestegjorde som både kulturhus og idrettsarena fram til idrettslaga begynte å bygge nye stadion og Telemark distrikthøgskule vart lagt her.

Etter kvart vart det stor aktivitet på Idunsvoll, som låg der Akkerhaugen skule ligg i dag. I Bø vart Sandvin bygd av ungdomslaget i 1939, og tok etter kvart over for Frøyatun og Frivoll. Utpå 1960 talet vart det bygd nye samfunnshus både på Gvarv og Nordagutu, og Sandvin vart bygd om i 1970.

Dei siste 40 åra har det kome til fleire forsamlingshus; som til dømes Idunnshall, Evju Bygdetun, Bø Museum, Bø Prestegard, Kjernehuset og Gullbring kulturanlegg.

Bedehus og frimenigheter

I 1802 reiste Hans Nielsen Hauge gjennom Sauherad og heldt møte fleire stader. Haugianismen sette tydelege spor etter seg, og har nok hatt større innverknad på bygdelivet i Sauherad enn i Bø. Fyrste ordføraren i Bø kom frå ei slekt som var sterkt påverka av opplysningsstida, medan fyrste ordføraren i Sauherad var haugianar. Bror til ordføraren, Leiv Hansson Sauar (1801-1838), som var suppleant til Stortinget, var ifølge eit eldre oversyn over stortingsmenn "en begavet haugiansk lægpredikant".

Son til Leiv, Hans, blei med i *Det evangelisk-lutherske kyrkesamfunn*, og bygde det fyrste bedehuset i Sauherad heime på garden Plassenn ved Sauarelva rundt 1877. Tømra frå dette huset blei flytta til Akkerhaugen i 1920 og er i dag del av det lokale kyrkjebygget til *Det evangelisk-lutherske kyrkesamfunn*.

I Sauherad blei fleire av dei fyrste skulane bruka som bedehus etter at det blei bygd nye skulehus etter 1920, bl.a. Gunheim, Nordre Kroken, Moen, Klevar og Hjuksebø. Seinare blei det bygd nye bedehus både på Gunheim, Hørte og Moen av pinsevennene og Indremisjonen. Fleire av desse og dei gamle skulane er seinare selt og er i dag bustadhús. I Sauherad har også Adventistane og Jehovas vitne egne hus.

Fyrste bedehus i Bø kom noko seinare enn i Sauherad. Det var først på starten av 1900 at det voks fram religiøse grupperingar rundt om i bygda. I 1919 blei Bø pinsemenighet skipa på Løvlund. Som møtestad blei bedehuset på Løvlund vald, men dei kom og saman i heimane rundt om. Soar stod ferdig i Bø sentrum i 1940. På Vatnarheia voks det fram ymse religiøse rørsler, så i 1922 stod huset Elim ferdig til bruk for alle religiøse tilskipingar. Den Norske Santalmisjon fekk ei foreining i Valen krins i 1919 og Bø Speiderropp for gutter blei skipa 1925.

Bø indremisjon og Bø kristelege ungdomslag heldt og på. Hus spørsmålet til desse organisasjonane blei løyst da Bø bedehus blei bygd ved prestegarden i 1933.

Kino

Den faste kinoen i Bø starta i 1931, men det hadde vore framvisingar alt frå 1929. Lokalet var frå byrjinga gym salen på realskulen. Det var vanleg at tilreisande kom til bygda med kinoframsyningar. Folk storma til og fylte gym salen gong på gong, enda inngangsprisane var heller høge, og filmane ikkje alltid dei beste.

Kinodrifta starta fordi at realskulen gjekk gjennom ei svært vanskeleg tid. Den økonomiske krisa på denne tida skapte vanskar med lite pengar mellom folk og litra søknad til skulane. Det stod om eit

Kulturminneplan – Utkast 14. oktober 2016

vere eller ikkje vere for realskulen. Telemark realskule var nok den einaste skulen som dreiv kino, men det berga skulen frå å bli nedlagt.

I 1956 overtok Bø kommune drifta av kinoen. Lokalet var framleis gym salen på realskulen. Salen blei etter kvart modernisert opp igjennom tida. I 1994 flytta kinoen til det da nye kulturhuset på Gullbring, der han er i dag.

I Sauherad hadde Norsk Bygdekino framsyningar både på Sjodar, i Folkets hus på Gvarv og i Nordagutu samfunnshus.

Bibliografi

- Bergan, T. (1975). *Sauherad - Heimbygda mi.*
- Braaten, T. (1979). *Skogen, elvene og vegen - Hjuksebø- og Tinnegrendskogane gjennom 120 år.* Hjuksevelvens fællesfløtningsforening.
- Bunkholt, H. (1967). *Banken og bygda - Saude og Nes Sparebank 100 år 1867-1967.* Saude og Nes sparebank.
- Børslum, T. (1978). *Den gamle stulen: Fotodokumentarisk skildring frå Sauherad kring århundreskiftet.* . Sauherad kulturstyre.
- Fett, H. (1941). *En bygdekirke.* Gyldendal.
- Henneseid, S. (1985). *Bø-soga II, Gards- og ættesoge band I-IV.* Bø kommune.
- Henneseid, S. (1989). *Bø skulesoge 1739-1789.* Bø kommune.
- Henneseid, S. o. (1996). *Halvor Halvorsson Eikjaruds brevsamling 1800-1810.* Bø Bygdemuseum og Bø lokalhistoriske arkiv.
- Hvitsand, J. (1984). *Soga om Hørteverket.* . Hørtesogelaget.
- Jantzen, A. o. (1990). *Beltestakk, gråkuft og korttrøye. Ein fotodokumentasjon frå Bø i Telemark 1860-1910.* Bø Bygdemuseum.
- Kinck, G. o. (1994). *Sina Sanda. Blomar på livsvegen.* Bø Bygdemuseum og Bø lokalhistoriske arkiv. .
- Kirkeby, B. (1980-1988). *Bygdebok for Sauherad I-V.* Sauherad kommune.
- Kjapp IL. (u.d.). *Nettside til Kjapp IL.* Henta frå www.kjappssiden.com
- Lunde, G. (1972). *Bø-soga I, Kultursoga .* Bø kommune.
- Markussen, H. o. (2013). *Til stuls på Sauheradfjella.* Sauherad historielag.
- Markussen, H., & Wahlstrøm, T. (2013). *Til stuls på Sauheradfjella.* Sauherad Historielag.
- Nordbø, G. o. (1991). *Lokalskribenten Knut H. Nordbø. Trekk frå folkelivet i Bø i eldre tider.* Bø Bygdemuseum og Bø lokalhistoriske arkiv. .
- Rian, Øystein(red.). (2014). *Telemarks historie, Før 1814, bind 1.* Fagbokforlaget.
- Rønning, F. (. (2011). *Gamle Bøherad. Knut H. Nordbø.* Bø Museum. .
- Rønning, F. (2006). *Fløyting i Eikjaelva i Bø og Lunde 1864-1962.* . Bø lokalhistoriske arkiv. .
- Rønning, F. (2007). *Folkeliv, husmenn og handel på Oterholt.* Bø lokalhistoriske arkiv. .
- Rønning, F. (2008). *Eit bedriftseventyr i Midt-Telemark. Vekst og fall.* . Bø Museum.
- Skarhedin IL. (1990). *Bø-idretten gjennom hundre år.*
- Solbu(red.), I. (2013). *Fotefar frå fortid til framtid.*
- Storesund, A. (2009). *Spelemannslaget Bøheringen 1934-2009.* Bø Museum.
- Storesund, A. (2012). *Flatland-spelet – arven etter Myllarguten.* Bø Museum. I samarbeid med Til Telemark AS. .